

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 12.11.09

### SAKLISTE

- 53/09 SKRIV OG MELDINGAR
- 54/09 INVITASJON TIL AKSJETEIKNING I VISIT FJORD KYSTEN AS
- 55/09 FRAMTIDIG ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID I NORDHORDLANDSREGIONEN
- 56/09 SKIPING AV PLANNEMND FOR EIVINDVIK BARNEHAGE
- 57/09 NEMNDA FOR BEFOLKNINGSAUKE
- 58/09 DRIFTSRAPPORT PR. 3. KVARTAL 2009
- 59/09 REGULERING AV DRIFTSBUDSJETTET NR 2/09 YMSE TENESTER
- 60/09 SAMANSLÅING AV LÅN - HUSBANKEN
- 61/09 SKULEPAKKE – GODKJENNING AV PROSJEKT

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 14.00  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Mogelege forfall må meldast hit snarast råd.  
Vararepresentantar skal ikkje møte utan etter særskilt innkalling.

Ordførar, Trude Brosvik

## Massevaksinering – svineinfluensa



Vaksinasjon av risikogrupper og prioriterte grupper vert avslutta i veke 45.

Kommunen får tilsendt meir vaksiner i veke 47.

Vidare vaksinasjon av innbyggjarane vil verte organisert (tidspunkt og stad) med informasjon på Gulen kommune si heimeside.

Har du spørsmål, ring smittevernlege  
**Tom Bache-Wiig 909 47 665 eller 57 78 42 90.**


For meir informasjon sjå også [www.pandemi.no](http://www.pandemi.no)

## Spesialavfall

### Har du gamle batteri, oljeavfall og miljøfarleg avfall?

Ver vennleg og ikkje setje det ute i naturen (f. eks. ved prestekaia i Eivindvik)! NGIR hentar farleg avfall ein gong i året om sommaren. Nøyaktig tidspunkt vil kome i aktuell infopost og på heimesida.

## Tildeling av offisiell adresse i Gulen kommune



No har vi kome godt i gong med adresseprosjektet. Hittil har vi fått mange tilbakemeldingar og vi set stor pris på engasjementet folk har vist.

### Har du enno ikkje bestilt skilt?

Vi oppmodar deg å gjere det så snart som råd.

**Gjennom kommunen sin skiltleverandør skaffar vi aktuelt nummerskilt til kr 200,- medrekna MVA. (Ynskjer du skiltet tilsendt, kjem Porto i tillegg.)**

Ta gjerne kontakt med Gulen kommune, eller nytt deg av bestillingskort.

### Når kjem så skilta?

Vi tek sikte på å få skilta over nyttår. Meir informasjon om tidspunktet vil kome i aktuell infopost og vert i tillegg lagt ut på heimesida vår.

### Kor store er husnummerskilta?

Standard størrelser:

1 siffer	15 cm x 15 cm
2–3 siffer	22 cm x 15 cm
4 siffer	28 cm x 15 cm

### Kvifor er det så viktig at huset mitt må ha eit nummer?

Bakgrunnen for prosjektet er at næringslivet i regionen (for eks. varelevering) og fleire offentlege tenesteinstansar, **ikkje minst rednings- og sikringstenestene**, ynskjer eit felles adresseregister.

### Må skilta opp innan 4 månader?

Det er ynskjeleg at skilta setjast opp så snart som råd. Dersom du ikkje skulle ha høve til å rekke fristen (for eks. hytteigarar), gjer du dette når du kan.

For meir informasjon sjå vår heimeside.

## Gulatingssprisen 2009

Den aller første Gulatingssprisen vart delt ut under møtet i kommunestyret den 11. desember 2008. Formannskapet i Gulen bestemte at den første prisen skulle gå til Magnor Midtun.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingssprisen.

Føremålet med prisen er i følgje statuttane å:

"Gje honnør til lag, verksemdar, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggja tilhøva til rette for andre".

### Kven synest du fortener Gulatingssprisen?

Grunngjevne forslag sender du til

Gulen kommune  
5966 Eivindvik

**Fristen er 15.11.2009**

Formannskapet vurderer føreslegne kandidatar og tildeler prisen.

## Gulen barnevernteneste

### Ny barnevernkonsulent

Vi ynskjer **Hanne R. Turøy** hjarteleg velkommen!

Har du/de tid og overskot til å invitere eit barn heim til dykk på besøk? Ein ettermiddag eller ei helg?

Ring for ein samtale.

Barnevernavingdelinga jobbar ofte ute. Derfor er det lurt å ringe dei på mobil:

Jane Hesjedal 57 78 20 61, mobil 997 92 109

Hanne R. Turøy 57 78 20 62, mobil 948 19 687



### Her er vår nye ingeniør

**Torleif Sundbotten** byrja ved Plan, landbruk og teknisk avdeling i juni i år.

Han er å treffe på tlf. 57 78 20 43.

## Årets julegave til borna (10 år+)

Fagbok for born om Gulatinget og Gulatingsslova.

### "Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar"

I boka vert borna kjend med 13 år gamle Arne som lever på ein gard i Sogn på 995, og vert invitert med inn i vikingtida til ei tid der øks og spjut sit laust.

Gjennom spanande hendingar i Arne sitt liv får vi eit innblikk i korleis Gulatingsslova regulerte kvardagslivet til folk, og korleis konflikhtar vart løyst.

Vi følgjer Arne når han vert med faren til Gulatinget og får lære om korleis saker vart ordna på tinget. Boka gjev og utfyllande opplysningar om Gulatingsslova, om Gulatinget og Leidansgordninga og om utviklinga fram til i dag.



Forfattaren **Ole Røsholdt** har skriva ei rekke bøker for barn, blant anna "Hansagutt på Bryggen". Boka er rikt illustrert av Trond Bredesen.

Boka er et av fleire pedagogiske tiltak som er utvikla som ein del av Tusenårsstaden Gulatinget sitt formidlingsprosjekt retta mot barn og unge.

Boka kan kjøpast/tingast i ekspedisjonen i **Gulen kommune, telefon 57 78 20 00 eller på e-post til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)**

eller direkte frå forlaget på **[www.mangschou.no](http://www.mangschou.no)**  
Boka vert og å få kjøp hjå bokhandlarar.

## Hjortejakta 2009

### Forvaltning

Det vart tildelt 638 hjortedyr i 2009, 129 kalvar, 264 hodyr og 245 hanndyr.



Målet er 100% avskyting. Kalv kan fellast i staden for vakse dyr.

Oppdagar du skada dyr under jakta, så skal du om mogeleg avlive dei og rapportere til kommunen straks.

### Rapport

Det skal rapporterast tilbake til kommunen på same skjema som det vart gitt fellingsløyve. Frist for rapportering er 10 dagar etter avslutta jakt. Jakttida i Gulen er fram til 30. november 2009.

Vedlegg til rapportskjema er skjema for Sett-hjort. Dette må fyllast ut nøyaktig, les på baksida for utfyllande forklaring. Slaktevektskjema skal ligge med.

Valdansvarleg skal samle inn skjema, gå gjennom dei og sjekke at alt er rett påført før vidaresending til kommunen.

Kommunen sender ut krav til alle valdansvarlege med bakgrunn i rapporten.

Fellingsavgifta vert betalt inn til kommunen og går til eit kommunalt viltfond.

Fellingsavgifta er kr 330,- for vaksne dyr og kr 200,- for kalv.

Elles finn du aktuelle nyhende, rapportar og skjema på heimesida til kommunen under tenester viltforvaltning, [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

## Utvida tilbod hos tannlegen i Eivindvik



**Ynskjer du ein time hos meg utanom Den offentlege tannhelsetenesta? ...også muleg på kveldstid eller lørdagar.**

Ta gjerne kontakt med meg, så finn vi en time.

Tannlege Stefan Loutchan

**Telefon 948 92 811**  
**e-post [stefan.loutchan@sfj.no](mailto:stefan.loutchan@sfj.no)**

(Tilbodet gjeld utelukkande pasientar utan rett til behandling i Den offentlege tannhelsetenesta.)

## Brekke Bu- og omsorgssenter har fått ny einingsleiar

Vi ynskjer **Juna Hansen** hjarteleg velkommen!  
Ho byrja i stillinga 5.10.09. Det er eit årsvikariat.

## Biblioteket

### Opningstider



Hovudbiblioteket:	Måndag	kl. 17.00–20.00
	Tysdag	kl. 10.00–13.00
	Torsdag	kl. 16.00–20.00
Brekke filial:	Torsdag	kl. 17.00–20.00
Byrknes filial:	Torsdag	kl. 15.00–20.00
Dalsøyra filial:	Tysdag	kl. 17.00–20.00

### Opningstider i haust- og vinterferiar

Hovudbiblioteket:	Torsdag	kl. 16.00–20.00
Byrknes filial:	Torsdag	kl. 15.00–18.00
Brekke og Dalsøyra filialar:	Som vanleg	

## Ny opningstid i Lensmannsdistrikt

Gulen, Masfjorden og Solund Lensmannsdistrikt har frå no av ope i Eivindvik:

Måndag, tysdag og fredag: kl. 8.30–15.30  
Torsdag: kl. 09.00–18.00

Telefon 57 78 13 00

Direktenummer 02800

**NØDTELEFON 112**

## Alexela Sløvåg AS informasjonsmøte

Alexela Sløvåg AS inviterer alle interesserte til

### Informasjonsmøte

**i matsalen på Dalsøyra skule**  
**onsdag 11. november kl. 18.00**

Utfyllende informasjon gis av Alexela i forbindelse med "Informasjon til naboer vedrørende Alexela Sløvåg AS", som distribueres til alle husstander første halvdel av november. Det vil bli gitt informasjon om status på anlegget, planer for ferdigstilling og oppstart av Alexela oljeterminal på Sløvåg Industriområde, samt rom for spørsmål, innspill og kommentarer.

Alle velkommen!

## Miljøplankurs trinn 1 og 2

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane vil halde eit 3-timarskurs i Miljøplan trinn 1 og 2 for dei som ikkje har planar og for dei som vil oppdatere sine planar.

Kurset vil bli halde på Brekkestranda, tysdag 1. desember 2009 frå kl. 10.00–13.00 viss minst 10 personar melder seg.

Kostnad kr 750,- for ikkje medlem og kr 250,- for medlem.

Føretak som søker Produksjonstilskot og RMP må ha Miljøplan trinn 1.

Miljøplan trinn 1 skal innehalde:

- Kart
- Gjødseplan
- Sprøytejournal
- Sjekkliste med tiltaksplan

**Føretak som søker Regionalt miljøprogram (RMP) og har automatisk freda kulturminne, steingardar, bakkemurar, styvingstre og særleg verdifulle slåtte- og beitemarker må ha Miljøplan trinn 2.**

**Søker du SMIL-midlar er det også krav om Miljøplan trinn 2.**

Miljøplan trinn 2 skal innehalde:

- **Kart** over eigedommen der elementa eller areala er innteikna
- **Målsetjing** for skjøtselen av elementa eller areala
- **Plan** for korleis og kor ofte ein skal skjøtta elementa eller areala

Påmelding til Astrid Sandvik tlf. 901 34 097 el. astrid.sandvik@lr.no innan 20. november.


## Smykkeprosjekt

I høve kulturåret har Brekke bygdekvinneleg og Brekke folkeakademi avslutta eit prosjekt om gamle smykke.

Ein god del gamle smykke er registrerte og samla i eit hefte.

**Søndag 15. november kl. 15.30** kan du sjå resultatet i **Risnehall**. Gunnhild Systad frå Sunnfjord museum vil vere til stades og komme med gode råd når det gjeld gamle saker og ting vi oppbevarar heime.

Heftet er til sals.  
Alle er velkomne!  
Brekke bygdekvinneleg og Brekke folkeakademi.



## Helsestasjonen etterlyser

### Kven har lånt ein "Drinite" enureselarm på helsestasjonen?

Det står fleire i kø for lån, og vi har ikkje budsjett til å kjøpe inn fleire. Alle som veit dei har lånt denne, ver grei å sjekk at de har levert den attende.

Finn du den i "tølene" dine, kontakt helsestasjonen telefon 57 78 38 08 / 992 02 720, eller lever den inn.

## Dette skjer i kyrkja

### 8. november kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

### 15. november kl. 11.00:

Gudsteneste på Byrknes Bedehusapell

### 22. november kl. 11.00:

Familiegudsteneste i Brekke kyrkje  
Barnekor frå Masfjorden deltek

### Torsdag 26. november kl. 20.00:

Generalprøve til radiogudsteneste

### 29. november kl. 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik  
Overførast direkte i NRK P1

### 6. desember kl. 11.00:

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

### 6. desember kl. 13.00:

Adventsverkstad i Risnehallen, Brekke

### 13. desember kl. 11.00:

Gudsteneste i Brekke kyrkje

### 13. desember kl. 15.30:

Adventskonsert i Mjømna kyrkje



## Byrknes Bu- og omsorgsenter treng pasientvenner.

Interesserte kan ta kontakt med einingsleiar Eva Vågheim tlf. 57 78 21 01.

### Bruk av midler frå gåvekonto

Takka vere midler fra gavekonto har me i år fått planta nytt i bedet ved inngangspartiet vårt, og kjøpt inn felles støvsugar til brukarane.

## Ullsekker (Papirsekker)

Eg har i år òg henta ut ein palle med tomsekker frå Norilia.

Treng du sekker? Ta kontakt med Leif Brekken, telefon 917 98 302